

Nr.	Avsender	Merknad	Forslagsstillar sin kommentar	Kommunedir ektøren si vurdering	Endring
1.	Ard arealplan AS på vegne av Westland hotell Gnr/bnr 108/102	<p>Plankart 1</p> <p>1. Held på med planarbeid for Kvalen, Westland hotel, gnr. 108, bnr. 102, mfl., planid: 201108. Deira planområde overlappar delvis sørleg del av planområdet for fv. 57. Ber om at det vert teke omsyn til planane for utviding av hoteldrift, spesielt i området/skråning ned mot fv. Hotellet har i dag eit riggområde her, men ønskjer på sikt å etablere utleigeleilegheiter eller liknande i det same området.</p>	<p>Plankart 1</p> <p>1. Del av gnr. 108 bnr. 102 mfl. er regulert til mellombels bygge- og anleggsområde i planforslaget for fv. 57. Dette arealet vil tilbakeførast eller setjast i stand i samsvar med arealformålet seinast 1 år etter at delstrekninga er opna. Vestland fylkeskommune vil uttale seg til reguleringsplan for Westland Hotel når den vert lagt ut til offentleg ettersyn.</p> <p>Ingen endring i planforslaget.</p>	Tatt til orientering.	
2.	Gunnar Askeland Gnr/bnr 108/8	<p>Plankart 2</p> <p>1. Avkøyrsl til bruk 108/8 bes utfomet også med fremtiden som deltagende faktor. Å flytte avkøyrsl mot syd vil gjere det lettare å imøtekome krav for tunge køyretøy. Det same kan verte oppnådd med avkøyrsl mot nord.</p> <p>2. Tiltenkt plassering av gang- og sykkelveg delar garden sitt driftsareal. Ved flytting av gang- og sykkelveg vestover, opp mot ny fv57 trasé, er det mogleg å unngå dette.</p>	<p>Plankart 2</p> <p>1. Ny avkøyrsl til bruk 108/8 er veg f_SV6. Det er spora for liten lastebil og i føresegnene er det opna opp for at ein skal gruslegge areal i o_SVG1 slik at ein kan nytte dette som manøvreringsareal. Så også merknad i vedlegg 16, Notat til byggeplanfasen. På grunn av trafikktryggleik kan ikkje avkøyrsla flyttast lengre sør då den då vil kome for tett på</p>	<p>1. Kommune direktøren finn at ved å grusa areal i o_SKV1 ved f_SV6 har ein tilrettelagt for tilkomst for tyngre køyretøy som skal til gbnr. 108/8.</p> <p>2. Stiller seg bak forslagsstillar si vurdering.</p>	

			<p>avkøyrsla o_SKV5 til nytt næringsareal.</p> <p>2. I planforslaget er GS-veg lagt på eksisterande vegareal slik at ein får utnytta allereie opparbeida vegareal til ny GS-veg. Eventuell erstatning ved tap av areal vil skje i samband med grunnerverv og i byggeplan.</p> <p>Ikkje tatt til følge. Ingen endring i planforslaget.</p>		
3.	Olav-Kåre Tykhelle Gnr/bnr 118/1	<p>Plankart 3</p> <p>1. Finn ikkje noko om tidl. innspel til kommunen er tatt opp. Det er heller ingen som har teke kontakt eller vore med på befaring frå kommunen (15.03.21).</p> <p>2. Har vanskeleg for å forstå at framtidig tilkomst til eigedomen og den planlagde sykkel- og gangstien på austsida kan nyttast utan å risikera liv og helse. Har bedt om at det vert planfri kryssing av fv. 57. (15.03.21).</p> <p>3. Eigedommen har bruksareal på begge sider av FV57. Har både før planarbeidet starta, og etter første høyringsrunde gjort det klart at det må etablerast planfri kryssing av FV57.</p> <p>4. Meiner at ROS-analyse ikkje har tatt høgde for stengde</p>	<p>Plankart 3</p> <p>1. Statens vegvesen og dåverande Lindås kommune har hatt synfaring med grunneigar etter 1. gongs offentleg ettersyn.</p> <p>2. Fv. 57 Lindås tettstad – Mongstad er prosjektert og planlagt i tråd med Statens vegvesen sine handbøker som sikrar ein trafikkikker køyreveg samt gang- og sykkelveg.</p> <p>3. Bruk 118/1 har i vest tilgang til landbruksareal via avkøyrsla f_SV10. Aust for fv. 57 er det tilkomst til landbruksareal gnr. 118 bnr. 1 via veg f_SV7 og køyring på GS-veg. Stengesymbol ved pel 2010 og 2110</p>	<p>1, 2 og 3. Tatt til orientering.</p> <p>4. Kommunedirektøren ser at ROS analysen ikkje har spesifisert konsekvensane av stengde landbruksavkøyrslar isolert sett, men vurderer at analysen samla sett tar for seg kva konsekvens planforslaget får for det arealbeslaget som går av landbruksjord i utbygginga.</p>	

		<p>landbruksavkøyrslar (19.03.2021).</p> <p>5. Tilførselsveggar til naboane på 118/2 og 3 er ikkje teikna av nokon som har vært på staden og sett på området.(19.03.21)</p> <p>6. Ønsker at ansvarleg beslutningstakar tek ei befarung på staden saman med grunneigar (19.03.21)</p>	<p>vert vidareført. Viser elles til svar under punkt 2.</p> <p>4. Planforslaget legg opp til ein trafikkikker veg i tråd med vegnormalen N100 med bl.a. sanering av avkøyrslar og ein ny GS-veg som skal sikre dei mjuke trafikantane. Sannsyn for trafikkulykker på fv. 57 vil vere til stades. Planforslaget legg til rette for trafikkikre løysingar for å redusere og unngå uønskte trafikkhendingar.</p> <p>5. SVV og Alver kommune har vore i dialog og hatt synfaring med grunneigar av bruk 118/2 og 3 i samband med ny vegløyung etter 1.gongs offentleg ettersyn i 2019. Løyung er i tråd med krava i vegnormalane.</p> <p>6. Det har tidlegare i planprosessen vore synfaring med SVV og Alver kommune.</p> <p>Ikkje tatt til følgje. Ingen endring i planforslaget.</p>	<p>Dette er vidare vekta opp mot fordel/ulemper i planforslaget for utbygginga. Så har forslaget tilrettelagt for anten nye eller alternative løysingar for dei avkøyungane som vert stengd.</p> <p>5. og 6. Tatt til orientering.</p>	
4.	Harry Mikal Rosnes Gnr/bnr 117/3	<p>Plankart 4 og 5</p> <p>1. Er eigar av landbrukseigedom gnr. 117 bnr. 3 som er i drift, med innmark, beite og utmark på begge sider av Fv 57. To</p>	<p>Plankart 4 og 5</p> <p>1. Det er tilgang til bruk 117/3 i vest via avkøyrslar f_SKV6. Tilgang til 117/3 i aust er via veg f_SV16 og</p>	<p>Tatt til orientering.</p>	

		<p>landbruksavkøyrer er stengt - Stemmetølen og Storgjerdet. Det er betydelege driftsulemper knytt til fjerning. Føreset at tilsvarande landbruksavkøyrer med tilhøyrande landbruksveg vert etablert som i dag.</p> <p>2. Har vassforsyning frå brønn, vist i vedlagt kart. Antar at eventuell ny fjellsprenning for etablering av ny Fv 57 lett kan medføre at brønnen mister vatnet. Meiner det er hensiktsmessig å legge rør gjennom Fv for vassforsyning til offentleg vassleidning.</p> <p>3. Avkøyrer som i planen er avsett som erstatning for sjøtilkomst til fleire bruk på Rosnes er i dag ei betydeleg trafikkfelle. Vil føre til betydeleg trafikkauke. Plasseringa bør verte vurdert på nytt. Avkøyrerla bør flyttast lenger syd, godt syd forbi dagens avkøyrer. Ser ikkje om noverande sjøveg kan nyttast som gangveg, men føreset dette.</p> <p>4. Plassering av busshaldeplassar på Rosnes midt bør vurderes på nytt for å oppnå betre siktforhold med en intensjon om å minimalisere og redusere farepotensial ved kryssing av veg.</p>	<p>køyring på GS-veg. Del av dei mindre landbruksteigane 117/3 ved Rossnesvågen og Tjukketlevatnet er avsett til køyreveg SKV og anna veggrunn SVG samt midlertidig bygge- og anleggsområde. Ev. erstatning for tap av areal vil skje i samband med byggeplan og grunnerv. 2. Eventuelle erstatning for ev. tap av vassforsyning vil skje i samband med byggeplan og grunnerv. 3. Avkøyrer f_SV18 er retta opp og sikt er tilstrekkeleg slik at trafikktryggleik er ivaretatt. Ein kan tilpasse bruk av eksisterande sjøveg som gangveg til ny GS-veg. Dette er kommentert i notat til byggplanfasen, sjå vedlegg 16. Ny køyrbar veg til naustområde er tilrettelagt, men må kostast av grunnleigerar. 4. Busshaldeplassane er prosjektert etter krav i Statens vegvesen sine handbøker. Busshaldeplassar på vegstrekninga har</p>		
--	--	---	--	--	--

		5. Avkjørsle Rosnes midt bør vurderes på nytt.	<p>tilstrekkeleg sikt og er trafiksikre.</p> <p>5. Ny avkjørsel f_SKV6 er retta opp og sikt er tilstrekkeleg og avkjørsla er trafiksikker.</p> <p>Ikkje tatt til følgje. Ingen endring i planforslaget.</p>		
5.	Oddbjørn Rosnes og Kjell Åge Rosnes Gnr/bnr 117/11 Gnr/bnr 117/27	<p>Plankart 6</p> <p>1. På plankartet plansje 6 er utkjøringsveg frå bnr. 27 teikna inn over bnr 11. Dette må skuldast ei mistyding, og forholdet er tidlegare teke opp med representant for dåverande Lindås kommune. Ei slik løysing som den som no er føreslegen, vil vera særst trafikkfarleg, og til svært stor ulempe for begge bruka. Bnr 27 har sidan eige dommen vart utskilt hatt tinglyst vegrett i rett line langs eigedomsgrensa til bnr 11. For fleire år sidan vart denne vegen bygt, og har sidan vore einaste brukte utkjørsle frå bnr 27. Dette er ein trygg veg, med godt og oversiktleg kryss til lokalvegen. Vegen som kartet no viser forbi våningshuset på bruk 11 går rett gjennom tunet på denne eige dommen, utan avstand til hjørnet på våningshuset. Det er ei særst lite tenleg løysing om ein legg trafikktryggleik til grunn. Me bed om at plankartet vert justert, slik at det er i samsvar med</p>	<p>Plankart 6</p> <p>1. Merknad frå grunneigar har tidlegare ikkje kome inn til SVV/Vestland fylkeskommune. Plankart er no endra slik at ein opprettheld eksisterande avkjørsler ut i veg f_SV21. Det er lagt inn avkjørslepil frå eksisterande vegar ut i veg f_SV21. Veg f_SV23 er tatt ut. Detaljering og tilpassing vil skje på byggeplan. Det er lagt inn ein merknad om dette i Notat til byggeplanfasen, jf. vedlegg 16.</p> <p>Tatt til følgje. Endring av plankart og føresegner.</p>	Tatt til følgje. Kommunedirektøren er samd med endringa.	Kart og føresegner

		den noverande løysinga for vegar ut frå bnr 27 og bnr 11.			
6.	Monica Haugen Gnr/bnr 116/9 og 116/18	<p>Plankart 6 og 7</p> <p>1. Vi har kjøpt 116/9 og 116/18 i mai 2020. Det er levert merknad frå tidlegere eier og vi stiller oss bak de merknadene.</p> <p>2. Når det gjelder adkomst til de to jordbruksområdene på begge sider av veien må det sørges for at vi får tilnærmet tilgang som i dag. Terrenget ved foreslått avkjørsel 116/33, 116/6 og 116/9 krever omfattende tiltak for å få adkomst til disse to jordbruksområdene tilhørende 116/9.</p> <p>3. Hvem skal ta kostnadene for adkomstene som foreslått?</p>	<p>Plankart 6 og 7</p> <p>1. Vi viser til vårt svar til merknad nr. 10 til 1. gongs offentleg ettersyn (Anne Grethe og Leif Rune Gausereide Pettersen 10.12.18), sjå planskildring kap.13.</p> <p>2. I vest har ein tilkomst til bruk 116/9 via veg SV32 (denne er endra til felles f_SV32). I aust har ein tilkomst til bruka 116/9 og 116/18 via veg f_SV33 og f_SV34. I aust kan ein også nytte GS-veg som tilkomst til landbruksareal 116/9.</p> <p>3. Per i dag er det Vestland fylkeskommune som vil ta kostnaden ved opparbeiding av vegareal i samband med eventuell gjennomføring av prosjektet. Ev. erstatning for tap av areal vil skje i samband med grunnverv og i byggeplan. Delvis tatt til følgje. Endring i føresegner og plankart.</p>	<p>Kommunedir ektøren stiller seg bak endringa som er gjort, og finn at tilkomst til jordbruksområda er betre slik det no er løyst.</p>	<p>Kart og føresegner</p>
7.	Rigmor Amble Iversen Gnr/bnr	Plankart 7	<p>Plankart 7</p> <p>1. I planforslaget har ein samla fleire</p>	<p>1.Regulering splanen er ein trafikksikrin</p>	

116/34 og 116/48	<p>1. Hva er det som er i veien for å beholde den utkjørselen jeg har i dag?</p> <p>2. Ny utkjørsel vil forringe min brukeradkomst. Jeg håper dere vil se på det på nytt. Er glad for at det er gjort tilpasninger her slik at inngangspartiet beholdes (Pkt 1 i tidligere mrk). Fint at vegen er flyttet nærmere slik at adkomsten til inngangsparti blir det samme (Pkt. 3 i tidl. mrk).</p> <p>3. Støygjerd. Jeg håper det blir tatt hensyn til dette med tanke på at hytten blir brukt som et bolighus i måneder om gangen og har tanker om å bo der fast (Pkt.2 i tidligere mrk).</p> <p>4. Ber om at det ikke blir satt opp autovern nedenfor hytten min på sørsiden, da jeg fortsatt må gå over veien med fisk og tunge redskaper fra sjøen (naustet ligger i Havnevikken over veien).</p>	<p>avkøyrslers langs strekningen for å oppnå en trafikk sikker veg. Eksisterende avkøyrslers er ikkje tilpassa ny veg og vil ikkje vere trafikk sikker.</p> <p>2. Avkøyrsla til egedomen veg SV35 er etter 1. gongs offentleg ettersyn endra etter synfaring med og innspel frå grunneigar. Sjå også svar til merknad av 14.12.18, merknad nr.14, jf. planskildring kap. 13.</p> <p>3. Egedommen ligg i delvis raud- og gulstøysone. For fritidsbustader er det ikkje krav i plan- og bygningslova til innandørs lydnivå frå utandørs lyd kjelder. Eventuelle støyreduerande tiltak vil dermed bestå i lokal skjerming av uteplass. Støytiltak vil bli vurdert i samsvar med Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442. Forslag til støyreduerande tiltak vil bli utarbeidd i samsvar med gjeldande regelverk i samband med byggeplan og før anleggsstart.</p> <p>4. Fv. 57 Lindås tettstad – Mongstad er prosjektert og</p>	<p>g av eksisterande fylkesveg 57. Forslaget legg opp til m.a. samling av fleire avkøyrslers og sanering/utbetring av desse.</p> <p>Kommunedirektøren finn at gbnr. 116/34 og 48 får ein meir trafikk sikker tilkomst til egedomen slik den no er regulert. I tillegg betrar det tryggleiken på fylkesvegstrækket med at ein får redusert antall avkøyrslers her, og samle fleire av tilkomstvegane som i dag har direkte avkøyrring frå fylkesvegen, inn via f_SV39, til f_SV37 og SV35.</p>	
------------------	---	--	---	--

			<p>planlagt i tråd med Statens vegvesen sine handbøker. Autovern er tiltak for å sikre ein trygg og trafikkssikker veg. På sørsida av fv 57 vil det komme eit autovern. Detaljering av dette vil skje på byggeplan. Ikkje tatt til følgje. Ingen endring i planforslaget.</p>	<p>2-4. Tatt til orientering.</p> <p>Kommunedirektøren stiller seg bak vurderingane som er gjort.</p>	
8.	<p>Annette Tvedt og Rolf Maurseth Gnr/bnr 116/17 og 120/7</p>	<p>Plankart 7</p> <p>1. Vi opprettholder tidlige innsende merknader. Vi kan ikke se at noen av våre merknader er tatt til følge. Det er heller ikke gitt noen tilbakemeldinger noe vi finner underlig.</p> <p>2. Har per i dag garasje på landsiden. Vil ha funksjonaliteten til garasjen og biloppstillingsplassene vi har i dag blir opprettholdt. Ber om at det vises svingradier i plankart. Vi ber om at det blir regulert inn ny dobbel garasje og to biloppstillingsplasser foran garasje.</p> <p>3. Tomten må planeres og klar til bruk og kunne stenges av for andre. Dersom det må bygges støttemur mot ny fylling må dette gjøres før vi overta eiendom. Viktig at brøytesnø fra fylkesveg ikke havner på p-plass</p>	<p>Plankart 7</p> <p>1. Viser til svar på merknad av 19.12.18, merknad nr. 9 til 1. gongs offentlig ettersyn, jf. planskildring kap. 13.</p> <p>2. Garasjen på eigedom 116/17 må fjernast som følgje av vegutbetring og bygging av ny GS-veg. Det er avsett areal til min. 2 p-plasser, vist i reguleringsplanen som SPP2. Det er spora for bil i avkøyrsla med radius på 4 meter. Det er tilstrekkeleg areal til å snu på plassen. I areal avsett til nettstasjon (o_BE3), vil det bli lagt til rette for parkering i samband med vedlikehald av nettstasjonen. Denne plassen kan også nyttast som snuareal. Det er ikkje lagt inn formål for nytt garasjebygg i</p>	<p>Planlagt veglinje inneber at garasje på gbnr. 116/17 må fjernast. Planforslaget har vidare sikra at eigedomen får to nye parkeringsplassar sør for eksisterande garasje, og er soleis sikra ei tilsvarande parkeringsløsning og bruk, samt snu moglegheit som den har i dag. Reglane i Pbl. gjeld ved ny frådelling av tomt, oppmåling og oppføring av garasje og</p>	

		<p>4. Tinglyst rett til å kjøre fremt til garasje og parkeringsplass</p> <p>5. Kompensasjon for garasjebygg</p> <p>6. Oppmåling, utskilling av tomt, nytt gård- og bruksnr. og overdragelser uten heftelser</p>	<p>planforslaget. Dersom grunneigar ønskjer å føre opp garasje på parkeringsplass SPP2, blir dette ei sak som grunneigar må søkje om til kommunen.</p> <p>3. Tomta vil bli opparbeida til bruk som parkeringsplass før overtaking av eigedom. Behov for ev. stenging av tilkomst til parkering SPP2 på privat grunn vil grunneigar stå fritt til. Spørsmål om drift og vedlikehald av ny fv. 57 må tas med vegeigar når dette vert aktuelt.</p> <p>4-6. Eventuell erstatning for tap og anna heft vil skje i samband med grunnnerverv og byggeplan.</p> <p>Ikkje tatt til følgje. Ingen endring i planforslaget.</p>	<p>vil vera søknadsplikt ig.</p> <p>All tap, erstatning og heftelser blir handtert av forslagsstillar i grunnnerverv prosessen etter gjeldande regelverk. Kommunedirektøren finn at eigedomen er sikra vidare bruk til tross for tapet planen medfører, og stiller seg bak vurderingane som er gjort.</p>	
9.	Ottar Lauvås Gnr/bnr 116/1	<p>Plankart 7</p> <p>1. Me har borehull for vatn som forsyner gnr. 116 bnr. 1. Dette vil ligge tett inntil den nye sykkelvegen fra Lindås til Mongstad. Vil ha ny vasskjelde dersom borehullet vert forureina under utbygginga av veggen.</p>	<p>Plankart 7</p> <p>1. Tap av brønn og ev. erstatning vert avklart i samband med byggeplan og grunnnerverv.</p> <p>Ingen endring i planforslaget.</p>	<p>Tatt til orientering.</p>	
10.	Jan Arve Lauvås	<p>Plankart 7</p>	<p>Plankart 7</p>	<p>Gbnr. 116/2 er sikra tilkomst slik</p>	

	Gnr/bnr 116/2	1. Avkjørselen til 116/2 på Lauvås på nedsida av hovudvegen er fjerna utan at ny avkjørsel er tegna inn.	1. I aust har ein tilgang til eigedom 116/2 via avkøyrsl f_SV47 og køyring på GS-veg. I vest har ein tilgang til eigedom 116/2 via avkøyrsl f_SV46. Ingen endring i planforslaget.	beskrive, og Kommunedir ektøren tar dette til orientering.	
11.	Rita Waagenæs s Gnr/bnr 116/79	Plankart 8 1. Ny vei SV52 fra FV57 til eiendom må stoppe ved dagens asfalterte vei, ca., ved eiendomsgrense, se blåmarkert på skisse. Utkjørsel fra garasje er mot vest og FV57, og må ha tilsvarende plass som i dag til utkjøring. 2. Parkeringsplasser ved dagens avkjørsel fra FV57 vil bli fjernet ved utbygging. Plassen har mulighet for oppstilling av 3- biler. Disse plassene må erstattes ved å planere og utvide dagens plass utenfor garasje. 3. Mulig behov for mur opp mot ny fylling fra FV57, se rødmarkering på skisse. 4. Det er ønskelig med en gangsti fra ny bussholdeplass og ned til huset, se svartmarkering på skisse.	Plankart 8. 1. Etter innspel frå grunneigar av gnr. 116 bnr. 30 og 32 har ein endra veg SV52 (merknad 12). Tilpassing av veg SV52 frå eigedomsgrense og til garasje på eigedom kan løysast i byggeplan. Det er lagt inn ein merknad om dette i Notat til byggeplan, sjå vedlegg 16. 2. Ny fv. 57 er heva og dagens parkeringsplass vil derfor ligge under ny GS-veg. Det vil også kome eit autovern på staden. Tap av areal og ei ev. erstatning vil skje i samband med byggeplan og grunnerv. 3. Mindre tilpassingar av veg SV52 og o_SVG1 vil løysast i byggeplan. 4. Det vil vere mogleg å gå i anna vegareal o_SVG1 til busshaldeplass. Det vil ikkje verte regulert og	Kommunedir ektøren tar dette til orientering, og finn at endeleg løysing blir løyst på byggeplan. Samt at eventuelle tap blir kompensert og tatt i samband med grunnerv.	Kart

			<p>etablert eige gangareal til busshaldeplass.</p> <p>Delvis tatt til følgje. Endring av plankart.</p>		
12.	<p>Synneve Lauvås Gnr/bnr ikkje oppgjeve i merknad. (Gnr. 116/30 ved 1. gongs offentleg ettersyn)</p>	<p>Plankart 8</p> <p>1. Eg protesterer fortsatt på at hagen min skal bli rasert for å gi naboen ny utkjørsel, og opprettheld det er av skrive i tidlegare uttale. Eg godtek ikkje at den einaste dyrkbare delen av hagen blir brukt på den måten som er beskrive, då det finst andre moglegheiter for ny tilkomst frå naboen til fylkesvegen.</p>	<p>Plankart 8</p> <p>1. Ein har flytta SV52 noko lengre mot vest samt at ein har lagt inn mur langs SV52 slik at det ikkje vert store fyllingsutslag på eigedomen. Detaljering og tilpassing av veg vil skje i byggeplan. Det er lagt inn ein merknad om dette i Notat til byggeplanfasen, vedlegg 16. Sjå også svar på merknad nr. 31 til 1. gongs offentleg ettersyn 15.12.2018, jf. planskildring kap. 13.</p> <p>Delvis tatt til følgje. Endring i plankart</p>	<p>Det er i planen lagt opp til færre direkte avkøyringar frå fylkesvegen. Noverande avkøyring til gbnr. 116/79 blir stengd, og blir felles med gbnr. 116/30 med den konsekvens at tilkomst veg SV52 blir lagt på sørleg del av gbnr 116/30.</p> <p>Reduksjon av antall av/påkøyringar til fylkesvegen er eit naudsynt trafikktryggingstiltak på vegstrekket. Det er etter innkomne merknader gjort moglege tilpassingar for at tap av areal for gbnr. 116/30 blir minst</p>	Kart

				<p>mogleg med å regulere inn mur langs den nye vegen SV52, slik at fyllingsutslaget kan akseptrast. Endeleg detaljar blir løyst på byggeplan og vidare handtert i grunnerverv prosessen.</p> <p>Kommunedirektøren tar dette til orientering.</p>	
13.	Solveig Marit Rebnor og Ragnvald Valle Gnr/bnr 116/44, 116/13 og 116/52	<p>Plankart 8 og 9</p> <p>1. Ser at det er teikna inn ein sti f_SGG8 (at det er ein sti vart opplyst ved telefonisk henvendelse til Alver kommune) som startar/sluttar på eigedom 116/13, et par meter bak bolighuset vårt. For å nå denne stien må ein passera 116/44 gjennom tunet vårt. Kan ikkje sjå at dette kan verta aktuelt. Det er mulig dette var med på forrige kunngjering datert 7.11.2018, men vart ikkje observert av oss, då kunngjeringa dreier seg om gang og sykkelveg, ikkje ein sti på vestsida av bolighuset vårt.</p>	<p>Plankart 8 og 9</p> <p>1. Denne løysinga låg inne i planforslag på 1. gongs høyring (2018). Stien er eit tilbod til eigedomar 116/26 og 39 som mistar tilgang (via trapp) frå eksisterande fv. 57 ved etablering av ny fv. 57. Det er i planforslaget lagt opp til at f_SGG8 gangareal skal etablerast som sti med inntil 1,5 m breidde til hytter på eigedomane gnr. 116 bnr. 26 og 39. Ein har tatt ut stien f_SGG8 av plankartet. Stien er no vist som ein illustrasjon. Ein har i staden avsett eit større areal med tilhøyrande føresegner</p>	<p>Kommunedirektøren er einig med endringa som er gjort frå 1. gongshandsaming.</p>	<p>Kart og føresegner</p>

			<p>til L2 for å betre tilpasse sti til tun og hus ved byggeplan. Det er lagt inn ein merknad i Notat til byggeplanfasen, jf. vedlegg 16. Tap av areal og ei ev. erstatning vil skje i samband med byggeplan og grunnnerverv.</p> <p>Delvis tatt til følgje. Endring i plankart og føresegner.</p>		
14.	Advokatfirmaet Kyrre ANS på vegne av Torill Soltvedt og Arvid Soltvedt Gnr/bnr 116/27	<p>Plankart 8 og 9</p> <p>1. Har i dag kjøreveg til tomtegrensen samt plass til parkering for flere biler. Planforslaget innebærer at grunneier ikke lenger kan kjøre inntil tomtegrensen, men må gå 150 meter fra avsatt parkeringsareal f_SPP3 via gangveg f_SGG9. Mener dette er en vesentlig dårligere løsning enn dagens situasjon. Hensynet til tilstrekkelig antall parkeringsplasser er et viktig hensyn å ta. Avsatt parkeringsareal i f_SPP3 skal deles med gnr. 116 bnr. 38 og er for lite. Ber om at f_SGG9 tas ut av plankartet og kjøreveg f_SKV59 forlenges frem til gnr. 116 bnr. 27 slik at en kan kjøre til tomtegrense som i dag. Ber om at føresegn §7- endres til: Vegar/avkøyrslar til eigedomar der eksisterande tilkomst er regulert stengde skal vera</p>	<p>Plankart 8 og 9</p> <p>1. Ved 1. gongs høyring var det regulert trappetilkomst frå GS-veg og ned til bygg på gjeldande eigedom. Etter innspel frå grunneigar (merknad nr. 11, 05.12.2018 jf. planrapport kap. 13) vart trappeløysing tatt ut av planforslaget. Ein har regulert tilkomst til eigedomen via f_SV59 med høve for parkering for to bilar på SPP3 med gangveg f_SGG9 fram til eigedomen. Ein vil etter 2. gongs høyring opne opp for tilrettelegging av fleire parkeringsplassar i f_SVG10.</p> <p>2. Vekting av fellesskapsintereser og individomsyn må gjerast i lys av at fv. 57 er regionalt viktig, og definert som del av</p>	<p>Planforslaget har gjort tilpassingar med at ein m.a. på byggeplan tilrettelegg for fleire parkeringsplassar i f_SPP3. Vidare finn Kommunedirektøren at eigedomen er sikra tilsvarande tilkomst til fritidsbustaden som i dag, med unntak av at det blir eit litt lengre gangveg areal til hytta enn i dag. Eksisterande køyretilkomst til fritidshytta</p>	<p>Kart og føresegner</p>

		<p>ferdigstilt, før eksisterande tilkomst vert steng.</p> <p>2. Planforslaget innebærer en vesentlig forringelse av adkomst og parkeringsforhold. Mener planforslaget påfører tre ganger så mye vedlikehold av vegareal som det er i dag. Dette vil føre til en vesentlig forringelse for eiendommen samt markeds- og bruksverdi. Planforslaget medfører at grunneier må bære en urimelig stor byrde for at samfunnets eller fellesskapets interesser i den nye gang- og sykkelvegen skal gjennomføres. Stiller også spørsmål ved den samfunnsmessige nytteverdien av det regulerte tiltaket. Lav samfunnsmessig nytteverdi av planforslaget taler for at det må velges løsninger som er mindre inngripende for grunneier. Noe annet fremstår som uforholdsmessig og urimelig. Planforslaget tar med dette ikke tilstrekkelig individuelle hensyn til grunneier, og forslaget er i strid med hensynet til bærekraftig utvikling for den enkelte, jf. §1-1 første avsnitt.</p> <p>3. Det vil bli umulig å ta seg frem til eiendommen med rullestol eller barnevogn, transport av varer o.l. vil bli betydelig mer krevende enn i dag. Det vil ikke være mulig for</p>	<p>det overordna fylkesvegssystemet i Bergensområdet. Vegstrekninga omfatta av planforslaget har relativt låg standard, den har mange trafikkulykker, og hovudformålet er å fremje trafikkikkerheit og god framkome. I merknaden gjerast det gjeldande at planforslag av omsyn til «rene fellesskapsinteresser» stiller særlege krav til at løysningar og val tar tilstrekkelege omsyn overfor råka private interesser, dette for å ivareta omsynet til berekraftig utvikling for den enkelte, etter pbl. § 1-1, 1. ledd. Planar som omfattar veg- og andre infrastrukturanlegg ivaretar etter sin art fellesskapet sine interesser, men stiller neppe strengare krav til å ta omsyn til råka private interesser enn når private planer utarbeidast for å oppfylle andre private sine utbyggingsinteresser, ev. andre private interesser. I grunnleigers merknad er det vektlagt at planlegging etter pbl. § 1-1 skal fremje berekraftig utvikling også «for den</p>	<p>er heller ikkje opparbeida heilt fram til bebyggelsen på eigedomen, men løyst med gangveg frå biloppstilling splass i søraust (v/eigedoms grensa) fram til hytta.</p> <p>Kommunedir ektøren finn at foreslått løysing blir vekta til rimeleg for grunneigar, sett i eit samfunnsmessig fylkesveg/trafikktrygging stiltak perspektiv.</p> <p>Kommunedir ektøren stiller seg forslaget.</p>	
--	--	--	--	---	--

		<p>nøduttrykkingskjøretøy å ta seg frem til eiendommen. Planforslaget ivaretar ikke hensynet til brukbarhet og tilgjengelighet, hensynet til tilrettelegging og fysiske forhold for å nedbygge funksjonshemmende barrierer og hensynet til forsvarlige løsninger, jf. §1-1 tredje ledd, jf. fjerde ledd andre setning og femte ledd første setning.</p> <p>4. Ettersom planforslaget er urimelig tyngende overfor grunneier og i strid med de grunnleggende hensynene i pbl. § 1-1 vil planforslaget være ugyldig for de deler som berører eiendommen. Planforslaget vil dermed ikke kunne tjene som ekspropriasjonsgrunnlag og kan i praksis ikke gjennomføres slik det foreligger per i dag. Det vil derfor være i storsamfunnets interesse at planforslaget endres.</p>	<p>enkelte». Ein alminneleg forståing av omgrepet «bærekraftig utvikling» er «En utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov». Dette inneber ikkje at private interesser, i vurderinga av planforslag som det føreliggande, har noko særskilt vern i forhold til samfunns-/fellesskapsinteresser. I merknaden er det vidare vektlagt, at det i merknader tidlegare i planprosessen er reist spørsmål om den føreslåtte gang og sykkelveg er rett prioritering av knappe økonomiske midlar. Prioritering av knappe økonomiske midlar vil alltid være eit overordna omsyn, og ein uttrykt bekymring i løpet av planprosessen kan ikkje tilleggas eigen verdi for så vidt forslaget elles blir vedtatt. I ein slik situasjon vil økonomiske prioriteringar berre ha relevans for om, og når, planen blir gjennomført, eventuelt trinnvis.</p>		
--	--	--	--	--	--

			<p>3. Når det gjeld den planlagde nye tilkomsten til eigendommen vert det i merknaden frå grunneigar lagt grunn at denne skal etablerast som «sti i terreng», og i ein breidde på «kun» 1,5 meter. Både gangveg og køyreveg har stigning som vil ivareta universell utforming og moglegheit til å bruke både rullestol, barnevogn og frakt av varer mm. til eigedommen. Gangveg vil være køyrbar slik at utrykkingskøyretøy kan ta seg fram til tomtegrensa. Bruk av GS-veg via f_SV59 vil også være aktuell i slike tilfelle og situasjonen vil være tilnærma lik slik den er i dag. Gangvegen med ei breidde på 1,5 meter inneber ikkje nokon avgrensing i så måte. Nødvendig gonge på 150 meter, og tilhøyrande vedlikehald, inneber ei noko dårlegare løysing enn dagens situasjon, men utgjer etter Vestland fylkeskommune (VLFK) si oppfatning ingen urimeleg byrde for eigar. Det vert også etter innspel frå grunneigar ved 2. gongs høyring lagt til</p>		
--	--	--	---	--	--

			<p>rette til fleire parkeringsplassar i f_SVG10. Tilpassing og detaljering av dette vil skje på byggeplan. Merknad om dette er lagt inn i Notat til byggeplanfasen, jf. vedlegg 16.</p> <p>4. Etter VLFKs oppfatning ligg dei vurderingane som ligg til grunn for planforslaget klart innanfor planmyndighetens frie skjønn. Det føreligg ikkje usakleg forskjellsbehandling og det er ikkje tatt utanforliggende, usaklege, eller vilkårlige omsyn. Plan basert på forslaget vil derfor være gyldig, og vil om det vedtakast også kunne gjennomførast.</p> <p>Delvis tatt til følgje. Endring i plankart og føresegn.</p>		
15.	Helge Rambjør og Laila Elisabeth Ådnanes Gnr/bnr 121/5	<p>Plankart 9</p> <p>1. Ber om at Basevegen til Mongstad Sør vert lagt i tunnel lengre nord.</p> <p>2. Som eit strakstiltak må det innførast 60-sone i krysset Mongstad sør. Denne fartsgrensa (eller lågare må oppretthaldast) i framtidig løysing.</p> <p>3. Det er frå andre naboar/grunneigarar foreslått fleire</p>	<p>Plankart 9</p> <p>1. Nytt kryss og veg til Mongstad sør må løysast i ein plan for næringsområdet. Det ligg ikkje til detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg fv. 57 å vurdere kryssløysing for framtidige næringsområde. Planarbeidet for fv. 57 legg ikkje hindringar for etablering av nytt</p>	<p>1 og 2 Tatt til orientering.</p> <p>3 og 6 Tilgang til å komme til med traktor er no tilrettelagt. Kommunedir ektøren finn det uheldig å blande mjuke trafikantar</p>	Kart

		<p>kryssløysingar for Mongstad Sør krysset. Uansett løysing for krysset må det byggjast ein parallell veg på sørsida av FV57 som gjev tilkomst til eigedomane våre her med traktor og andre landbruksmaskiner som erstatning for dei landbruksavkjørslar som ikkje vert vidareført.</p> <p>4. Vi er utestengt frå landbrukseigedom 121/5 (sørvest). Denne må oppretthaldast.</p> <p>5. Det er vist ein avkjørsel på nordsida av FV57, på søre del av gnr 121 bnr.5. Avkjørselen er teikna inn med ein veg sørover langs FV57 til grensa på vår eigedom utan at me kan finna noko grunn for det. Dette er verdifull beitemark. Me må ha ein landbruksavkjørsel her, men har ikkje bruk for noko veg vidare sørover langs FV57. Me ber om at denne veg sørover utgår.</p> <p>6. Den nye gang- og sykkelstien må byggjast slik at den kan nyttast av traktor i forb. spreiiing av gylle (naturgjødsel) på utmarka.</p> <p>7. I anleggstida må ein sørgje for gjerde som held beitedyr på plass og alle gjerde må på plass etter at anleggstida er over</p>	<p>kryss til framtidig næringsareal i ein framtidig reguleringsplan, sjå også Notat - Vurdering av kryss og veg frå Mongstad sør, vedlegg 17 til planforslaget.</p> <p>2. Fartsgrense vert regulert etter dimensjonerande fart. Planforslaget legg opp til ein trafiksikker veg i tråd med vegnormalen N100. Den aktuelle parsellen er ein viktig hovudveg som knyt store næringsområde saman med stamvegen E39. Fartsgrensa er i dag stort sett 70 km/t eller 80 km/t og ein kort strekning med 60 km/t ved Lauvås. Trafikkmengda 20 år etter forventa opningsår i 2050 vil vere om lag 4600-6200. Med dette som utgangspunkt blir U-H4 med ÅDT 4000 – 6000 og fartsgrense 80 km/t standardval. Nytt kryss er utbetra, med bl.a. høgresvingefelt som er ein trafiksikker løysing.</p> <p>3. Det er tilgang til landbrukseigedom gnr. 121 bnr. 5 både i sørvest og nord. Dette er vist i planforslag ved f_SV59 og SV60 (nord). I sørvest er det etter 2. gongs høyring</p>	<p>mot tunge kjøretøy.</p> <p>4, 5 og 7.</p> <p>Tatt til orientering</p>	
--	--	---	---	---	--

			<p>opna opp for ei avkøyrsløse til eigedom gnr. 121 bnr. 5, vist med avkøyrsløsepil (pel 6395). Det vert ikkje lagt opp til ny parallell køyreveg til landbrukseigedomar.</p> <p>4. I sørvest er det etter 2. gongs høyring opna opp for ei avkøyrsløse til eigedom gnr. 121 bnr. 5. Dette er vist med ei avkøyrsløsepil i plankartet ved pel 6395. Tilpassing og detaljering vil skje på byggeplan. Det er lagt inn merknad om dette i Notat til byggeplanfasen, jf. vedlegg 16.</p> <p>5. Veg f_SV59 er veg og avkøyrsløse til fv. 57 for eigedomane gnr. 116 bnr. 5, 27, 36 og 38. Eventuell erstatning for tap av areal vil skje på byggeplan og grunnerverv.</p> <p>6. Det er ikkje lagt opp til at GS-veg skal brukast som køyreveg.</p> <p>7. Ev. erstatningskrav og sikring med gjerder vil skje i samband med byggeplan og grunnerverv.</p> <p>Delvist tatt til følgje. Endring av plankart.</p>		
16.	Thore Knarvik	Plankart 9 og 10 1. Grunneigarane for 121/1, 121/2, 121/5 og	Plankart 9 og 10 1. Landbruksavkøyrsløse til gnr. 121 bnr. 1 og 5	1. Tilgang er løyst for eigedomane	Kart

	Gnr/bnr 121/1	<p>121/6 mister tilkomsten til sin del av eigendomen på sør vestsida av fylkesvegen. Her kan det byggas ein felles veg på Sør Vest sida av veggen som fordeler tilkomst til desse eigendommene, eller avkjørsel til kvar enkelt eigedom. Tilkomsten må være i ein sånn størrelse at det er sikra tilkomst for maskiner til framtidig hogst av skog og flytting av dyr til/frå beiter etc.</p> <p>2. Gjerdet/gard må førast opp på igjen på begge sider av Fylkesvegen mot eigendommene etter at prosjektet er ferdig.</p> <p>3. Ei rundkøyring i staden for eit kryss (Mongstad sør), vil sikre betre flyt i trafikken, ein kan då ha avkjørsler til Mongstad sør, Hellestveit, Knarvik garden og utmark på eit punkt på fylkesvegen. Om ein går for ei løysing med rundkøyring, treng ein ikkje bandlegge eit så stort areal.</p>	<p>i sørsørvest er vist med avkjørslepil ved pel 6395.</p> <p>Landbruksavkjørsle til gnr. 121 bnr. 2 og 6 i sørsørvest er vist med avkjørslepil ved pel 6990. Tilpassing og detaljering av avkjørsler vil skje i byggeplan. Merknad om dette er lagt inn i Notat til byggeplanfasen, sjå vedlegg 16. I nord er det tilgang til landbrukseigedomane gnr. 121 bnr. 5 via veg SV60, til bnr. 1 via veg o_SKV8 og til bnr. 2 og 6 via f_SV63</p> <p>2. Ev. erstatningskrav og sikring med gjerder vil skje i samband med byggeplan og grunnnerv.</p> <p>3. Det er planlagt kanaliserte T-kryss på strekninga i samsvar med vegstandaren i Statens vegvesen sine handbøker. Dette gjeld også krysset ved Mongstad sør.</p> <p>Delvist tatt til følgje. Endring av plankart.</p>	<p>etter revidering. Kommunedirektøren tar dette til orientering.</p> <p>2 og 3. Tatt til orientering.</p>	
17.	Håkon Veland Gnr/bnr 121/2	<p>Plankart 10</p> <p>1. Stenging av avkjørsle profil 6925 kan eg ikkje godta. Behov for kjøreveg for traktor til 121/1, 2 og 6. Ber om undergang.</p> <p>2. f_SV 63 legger beslag på et stort areal og deler opp</p>	<p>Plankart10</p> <p>1. Det er opna for tilgang til landbrukseigedom gnr. 121 bnr. 1, 2 og 6. Det er satt inn avkjørslepil ved pel 6395 og pel 6990. Tilpassing og</p>	<p>1. Ny avkjørsle og tilkomst er sikra med avkjøringspil ved pel 6395 og 6990.</p>	Kart

		<p>teigene 121/1 og 6. Ønsker ikke oppdeling av teigene og denne vegløsningen.</p> <p>3. Busslomme i vegen til Storemyra krever lengre reisetid. Ber om at en legger busslomma langs hovedveg</p>	<p>detaljering av avkørsel vil skje i byggeplan. Merknad om dette er lagt inn i Notat til byggeplanfasen, jf. vedlegg 16. Ein beheld stengesymbol på eksisterande landbruksavkørsle då den ligg tett i høgresvingefelt i Mongstad sør kryss.</p> <p>2. f_SV63 er endra etter 1.gongs offentleg ettersyn etter merknad frå grunneigar av gnr. 122 bnr. 2 og 3, jf. merknad. 17 kapittel 13 planskildring. Det vil vere tilgang til landbruksteig gnr. 121 bnr. 2 og 6 via f_SV63 og til gnr. 121 bnr. 1 via o_SKV8.</p> <p>3. Busslomme er plasser etter fleire vurderingar knytt til trafikktryggleik og er i tråd med i Statens vegvesen sine handbøker.</p> <p>Delvis tatt til følge. Endring av plankart.</p>	<p>2 og 3 Tatt til orientering.</p>	
18.	Jostein Helge Hellestveit Gnr/bnr 122/2	<p>Plankart 10</p> <p>1. Planane om å stenge jordbruksavkørsle vil gje svært store ulemper for gardsdrifta. Det er nødvendig med ein parallell jordbruksveg som erstattar desse. Stenging av hovudavkørsle til garden vil og medføra svært store</p>	<p>Plankart10</p> <p>1. Eksisterande avkørsle frå bruket og landbruksavkørsle til fv. 57 er stengt på grunn av trafikktryggleik. Avkørsle kan skape farlege situasjonar når vegen er ferdig</p>	<p>1. Kommunedirektøren er samd med vurderingane som er gjort kring trafikktryggleiken her, med stenging av</p>	

		<p>driftsulemper med den løysinga som er vald i planforslaget.</p> <p>2. Vi ser pris på at forslaget om å la all trafikk frå garden gå gjennom tunet til bruk nr. 3 no er gått bort frå. Det som er foreslått i staden, nemleg å la all trafikk til bnr. 3 gå gjennom tunet til bnr. 2, er heller ikkje noko god løysing. Den nye løysinga medfører også ulemper med oppdeling av eigedomane til to av naboane. Vi vil oppmoda om at ein går i dialog med oss grunneigarar om tenlege løysingar for desse tilførselsvegane.</p>	<p>utbygd. Vegen vil få ein anna standard enn den har i dag. Difor finn ein det naudsynt å stenge eksisterande avkøyrslar. Det er prosjektert inn ein kulvert som gjer det trafiksikkert å komme til på landbrukseigedom gnr. 122 bnr. 2 i sør. Det er lagt inn ny veg og avkøyrslar f_SV63 til fv. 57.</p> <p>2. Ein har etter 1. gongs offentleg ettersyn endra avkøyrslar til tunet, veg f_SV63. Det er no ein kortare tilkomst til tunet og til markene enn det var i planforslag til offentleg ettersyn. Det vert likevel lengre å komme til markene på 126/9 enn det er i eksisterande situasjon. I dag har gnr. 122 bnr. 2 og bnr. 3 felles avkøyrslar frå fv. 57. I planforslag har ein felles avkøyrslar via veg f_SV63. Det er ingen endring av dagens situasjon med trafikk gjennom tunet.</p> <p>Ikkje tatt til følge. Ingen endring i planforslaget.</p>	<p>eksisterande avkøyrslar.</p> <p>Sjølv om tilkomstvegen til eigedomen blir flytta til å gå via f_SV63, og ikkje direkte frå fylkesvegen, meiner Kommunedirektøren at løysinga saman med prosjektert kulvert bidrar til ei god løysing for landbruksdrifta. M.a. fordi trafikken til landbruksjord på motsett side av fylkesvegen går no uforstyrta av fylkesveg trafikken.</p> <p>2. Tatt til orientering.</p>	
19.	Sigbjørn Knarvik Gnr/bnr 121/6	<p>Plankart 10</p> <p>1. Som eigar av 121/6 vil det vera heilt uakseptabelt at avkjørsel ved profil 6925 for tilkomst til utmarka vert</p>	<p>Plankart 10</p> <p>1-3 Sjå svar på merknad frå Håkon</p>	<p>1. Ny avkøyrslar og tilkomst er sikra med avkøyringsplan</p>	Plankart

		<p>stengt. Denne avkjørselen må eventuelt erstattast med ein ny felles tilkomst/avkjørsel for bruka 121/1, 121/2 og 121/6.</p> <p>2. Køyreveg f_SV63deler opp teigane gnr. 12 1bnr. 2 g 6. Ønsker ikke denne løsningen.</p> <p>3. Busslomme i vegen til Storemyra krever lengre reisetid. Ber om at en legger busslomma langs hovedveg. Stiller meg bak Håkon Veland sitt forslag</p>	<p>Veland, merknad nr. 17.</p> <p>Delvis tatt til følgje. Endring av plankart.</p>	<p>I ved pel 6395 og 6990.</p> <p>2 og 3 Tatt til orientering.</p>	
20.	<p>Hope eiendoms selskap AS Grønfjelli a 61 v/ Jon Roald Hope</p>	<p>Plankart 13</p> <p>1. Det er ikke tatt nok hensyn til næringsdriften av bensinstasjonen på Hope i planen som den nå foreligger.</p> <p>2. Ønsker derfor om kontakt med planlegger som kan være med på å endre litt på planen.</p>	<p>Plankart 13</p> <p>1. I kommunedelplan for Lindåsneset er del av gnr.126 bnr. 55 og 8 satt av til næring (BN) og landbruk (L). I planforslaget er avkøyrsla til bensinstasjon flytta lengre nordvest og ligg delvis i dagens vegareal, SV69. Ny GS-veg inkludert anna veggrunn SVG vil ta noko av arealet til bensinstasjonen. I justert planforslag etter 2. gongs høyring har ein endra del av SV69 til BN7 og BN8 samt endra rest av landbruksareal L1 til nytt næringsareal, BN8. Det er berre eit mindre areal mot GS-veg som ikkje kan disponerast av bensinstasjonen. På byggeplan vil ein tilpassa avkøyrsl</p>	<p>Dei endringane som no er gjort finn Kommunedir ektøren er ei betre løysing for næringsomr ådet til bensinstasjonen. At avkøyrsel til SV69 vidare skal tilpassast når ein kjem til byggeplan er hensiktsmes sig her. Kommunedir ektøren tar dette til orientering.</p>	<p>Plankart og føreseger</p>

			<p>SV69 etter behov til næringsdrifta til bensinstasjonen. Merknad om dette er lagt inn i Notat til byggeplanfasen, jf. vedlegg 16.</p> <p>2. Det har vore kontakt med Hope eiendomsselskap AS og VLFK. Sjå svar under punkt 1.</p> <p>Merknad delvis tatt til følgje. Endring i plankart og føresegner.</p>		
21.	Rune Hope Gnr/bnr 126/8	<p>Plankart 13</p> <p>1. Har sett på planen for eiendom 126/8. Sykkel/gangveien vil komme omtrent inni i hagen min. Samt over plassen som bensinstasjonen bruker som snuplass. Dette har jeg gitt tilbakemelding om tidligere da det var folk befarig. Dette er det ikke tatt hensyn til. Det må være mulig og ta hensyn til dette i planene uten å få en sykkel og gangvei inn i hagen, i tillegg vil disse planene vil gjøre det umulig å drive bensinstasjonen da dette vil ta vekk heile snuplassen og parkeringsmuligheter for denne.</p>	<p>Plankart 13</p> <p>1. Avkøyrsløse til bensinstasjon SV69, ny veg o_SKV9 og anna veggrunn o_SVG1 tar del av eigeiendommen gnr. 126 bnr. 8 og. 44. Anna veggrunn o_SVG1 ligg tilnærma der dagens avkøyrsløse til bensinstasjon er i dag. Det blir gjort endringar for bensinstasjonen, sjå kommentar til merknad 20. Eventuell erstatning for tap av areal vil skje i samband med byggeplan og grunnerverv.</p> <p>Ikkje tatt til følgje. Ingen endring i planforslaget.</p>	<p>1. Arealbehovet som er avsett til annan veggrunn og #21 i plankart 13 er naudsynt for å få på plass tilfredsstillande avkøyrsløse til bensinstasjonen. Dette arealet ligg tilnærma likt som det eksisterande veg ligg i dag. Kommunedirektøren har ikkje merknad til forslaget og tar dette til orientering.</p>	

22.	Øyvind Hope og Liv Marit Hope Gnr/bnr 126/7	<p>Plankart 13</p> <p>1. Då FV57 vart bygd, tok Statens 10 mål av innmarka på bruket vårt. Mykje av dette ligg urørt på vestsida av vegen. Me har tidlegare peika at dette arealet må nyttast til den skisserte utvidinga. Me registrerer at det er ikkje teke omsyn til dette i høyringsutkastet. Me krev at dette arealet må nyttast framfor å ta meir areal frå oss på austsida.</p> <p>2. Når det gjeld samfunnsøkonomi spør me om dette er god forvaltning av ressursar. Frå bensinstasjonen på Hope og til Mongstad-krysset går det ein kommunal veg. Kva er grunnen til at denne ikkje vert gjort om til gang- og sykkelveg med opning for køyring til eigedommane og open for buss/skulerute? Kva argument det er for å leggje gang og sykkelvegen på austsida av fylkesvegen frå</p> <p>3. Kolås krysset til Mongstad. Tidlegare Lindås kommune har tidlegare lagt fram planar for kryss/ rundkøyring ved skytebana på Hope og ny veg gjennom tunell til Mongstad. Korleis har de tenkt å knytte dette saman med denne planen?</p> <p>4. Slik me tolkar det ligg huset vårt slik at me kjem innanfor raud sone når det gjeld støy. Vår tolking er at</p>	<p>Plankart 13</p> <p>1. På strekninga frå Hope til Keilen-krysset er det tilrådd at arealinngrepet bør skje på austsida av eksisterande fv. 57 av omsyn til Hopsvatnet med tilhøyrande vassdrag.</p> <p>2. Langs fv. 57 er det planlagt eit hovudtilbod for gåande og syklande langs fylkesvegen. Det er lite trafikk langs den kommunale vegen frå bensinstasjonen på Hope og til Mongstad-krysset. Denne vegen kan framleis nyttast til blanda trafikk for dei som ynskjer det. Denne vegen kan også være ein del av eit mogleg byggetrinn om ein ikkje får finansiert utbygging av heile strekninga. Det er gjort ei vurdering av kor GS-veg skal ligge langs eksisterande fylkesveg. Det er vurdert ei løysing med gang- og sykkelveg på vestsida av fylkesvegen, noko som vil medføre utfylling i Hopsvatnet. Ein har ut frå ei samla vurdering konkludert med at gang- og sykkelvegen skal ligge på austsida av eksisterande veg, i ei avveging mellom naturverdiar, dyrka mark m.m. og</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Kommunedirektøren finn det uheldig at fulldyrka jord går tapt, og at denne landbrukseigedommen både tidlegare og no mister så mykje areal.</p> <p>Det har i planprosessen gjort avveingar for og mot, og ein ser også problematikken med vassdraget her, og det utfallet som er valt.</p> <p>Det skal planleggast for ei reetablering av kantsone slik at ein reduserer avrenning til vassdraget.</p>	Plankart
-----	--	---	--	--	----------

		<p>dette ikkje skal gjerast tiltak for i planen. Dette er heilt uakseptabelt.</p> <p>5. Som me tidlegare har sendt innspel om, synes me framgangsmåten til SVV i denne saka har vore dårleg. Me har bedt om dialog, men det har vorte ignorert. No er det Fylkeskommunen som styrer. Forventar at me no blir kontakta for gjennomgang av konsekvensane dette prosjektet får for oss.</p> <p>6. Då FV57 vart bygd, vart det etablert ei landbruksutkøyring. Dette for at me skal ha tilkomst til det dyrka arealet me har vest for vegen. Me finn ikkje denne att i høyringsutkastet. Heller ikkje beskriving av korleis denne skal erstattast. Me må her få svar på korleis dette skal løysast. De må her kalle inn til synfaring slik at dette kan diskuterast.</p> <p>7. Ved å leggja traseen slik som vist i høyringsutkastet vil me tapa dyrka mark. Det er i planomtalen vist til at det er lite areal som vert berørt, men i forhold til det dyrka arealet me har på vår gard, vert det mykje for oss. Me har ikkje noko problem med at det vert nytta areal på vestsida av eksisterande fylkesveg, i staden for på austsida, då dette alt er eigd av vegmyndigheita.</p>	<p>målpunkta langs gang- og sykkelvegen. Det er utarbeida eit notat der desse vurderingane framkjem, jf. Notat Gang- og sykkelveg – Sidevurdering vedlegg 15.</p> <p>3. Når det gjeld ny veg i tunnel til Mongstad sør må dette løysast i ev. ny plan for næringsområdet. Det ligg ikkje til detaljplan for gang- og sykkelveg langs fv. 57 å vurdere kryssløysing for framtidige næringsområde. Dette planarbeidet legg ikkje hindringar for etablering av nytt kryss til framtidig næringsareal i ein framtidig reguleringsplan, sjå også Notat Vurdering av kryss og veg frå Mongstad sør vedlegg 17 til planforslaget.</p> <p>4. Eigedommen ligg i delvis raud- og gulstøysone. For bustader vil støytiltak, avhengig av lydnivået ved dei einsskilde bustadane, kunne innebere fasadetiltak, utskifting av vindaug, støydempa ventilar i yttervegg eller balansert ventilasjonssystem, og lokal skjerming av uteplass. Støytiltak vil bli vurdert i samsvar med Retningslinje for</p>		
--	--	---	--	--	--

		<p>8. Me ynskjer å møta Vestland fylke og Alver Kommune for ny synfaring, slik at me kan få sett på løysingar gjeldande vår eigedom.</p>	<p>behandling av støy i arealplanlegging, T-1442. Forslag til tiltak vil bli utarbeidd i samsvar med gjeldande regelverk i samband med byggeplan og før anleggsstart.</p> <p>5. Det har vore dialog og fleire synfaringar med SVV og representantar frå Lindås/Alver kommune i prosessen.</p> <p>6. Landbruksavkøyrsla til fv. 57 i nordaust er stengt på grunn av trafikktryggleik. Avkøyrsla kan skape farlege situasjonar når vegen er ferdig utbygd. Difor finn ein det naudsynt å stenga avkøyrsla. Eigedommen har tilkomst til fv. 57 via Litlåsvegen. Ein har fjerna stengesymbol for avkøyrsla til eigedom 126/7 vest for fv. 57. Her er det lagt inn avkøyrlepil ved pel 9180. Tilpassing og detaljering av avkøyrsel vil skje i byggeplan. Merknad om dette er lagt inn i Notat til byggeplanfasen, jf. vedlegg 16.</p> <p>7. Sjå kommentar under punkt 2.</p> <p>8. Sjå kommentar under punkt 5.</p>		
--	--	--	---	--	--

			Delvis tatt til følgje. Endring av plankart.		
Høyringsinstansar					
23.	Austrheim kommune	Ingen merknader	Tatt til etterretning.	Tatt til orientering	
24.	NGIR	1. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Det bør vurderast moglegheit for nedgravde avfallsløysingar. I tillegg er det viktig at tilkomstvegar - til hentestadar - har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar	1. Det er i planen sett av areal til samlepunkt og returpunkt ved busshaldeplassane. Dette er vist i O-teikningane. Det vil på enkelte plassar bli naudsynt med henting av buss i avkøyrslar. Det er avsett ekstra areal i planen (SVG) til ev. utviding avkøyrslene. Dette må vurderast og løysast på byggeplan, sjå vedlegg 16 Notat til byggeplanfasen. Det er regulert inn areal til renovasjonspunkt ved Gjerdvågstraumen og sør for Hope.	Tatt til orientering	
25.	Avinor	Ingen merknader	Tatt til etterretning.	Tatt til orientering	
26.	NVE	Gjev ikkje konkret fråsegn i saka	Tatt til etterretning.	Tatt til orientering	
27.	Direktoratet for mineralforvaltning	Ingen merknader	Tatt til etterretning.	Tatt til orientering	
28.	Fiskeridirektoratet	1. I planomtala på s. 33. kap. 6.9.4 Vilt- og Fiskeressursar står det at dei to låssettingsplassane Rossnesvågen og Knarrviksviki er utelatne frå	1. Dette er retta opp i planskildringa 2. Tiltak nær sjø i Rossnesvågen og ved Gjerdvågstraumen er omtalt og ivaretatt i	Tatt til orientering.	Planomtale

		<p>Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy «i siste versjon» og at dette tyder på at dei ikkje er i bruk. Låsettingsplassane er framleis registrerte kystenære fiskeridata i kartverktøyet Yggdrasil.</p> <p>2.Vi føreset at det også vert lagt opp til avbøtande tiltak for inngrep som kan få negative følger for gytefeltet og fiskebruksområdet som ligg i og tett opp mot planområdet</p>	YM-plan, jf. Vedlegg 13.		
29.	Statsforvaltaren i Vestland	Ingen vesentlege merknader	Tatt til etterretning.	Tatt til orientering	
30.	Vestland fylkeskommune	<p>Alle plankart</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Byggegrense langs fylkesvegen må kome fram i områder som er avsatt til byggjeføremål. 2. Siktkrav i kryss og avkøyrslar må påførast plankartet. 3. Føresegnene må rettast opp slik at dei viser til rett plan, til dømes §4. 4. Føresegnene viser til at føresegnene i kommuneplan for Lindås gjeld. Dersom det i hovudsak gjeld plankrav for areal avsett til byggeområde ber vi om at dette kjem tydleg fram. 5. § 4.2.2 legg rammer for kven som kan nytte regulert tilkomst. Føresegna på presiserast slik at det kjem fram at ny 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det er ikkje vurdert konkrete byggegrenser i planen og byggegrense følg vegtrafikklova som er 50 meter. 2. Det er lagt inn siktkrav i alle plankart. Desse er også vist i tekniske teikningar, C-teikningar. 3. For arealformål i underliggende plan er det lagt inn fullt namn på plan og plan-id. Føresegnene er endra. 4. Det er ikkje vist til konkrete føresegner i underliggende planar som KDP Lindåsneset og KPA Lindås. Ein har ført inn plan-id i føresegnene. 	Kommunedirektøren er samd i dei endringane som er gjort, og tar dette til orientering.	Føresegner

		<p>bruk eller ved søknad om tiltak etter plan og bygningslova krev ny vurdering av avkøyrsløyve.</p> <p>6. Planforslaget er i konflikt med automatisk freda kulturminne (Askeladden id. 231174 og 231169) då lokalitetane ligg i og nær veganlegget, framtidig rigg og anleggsområde og annan veggrunn. Etter fylkeskommunen si vurdering kan reguleringsplan for fv. 57 Gang og sykkelveg Lindås tettstad plan id. 1263-201407 godkjennast under føresetnad av at det blir gjennomført ei arkeologisk utgraving av dei råka kulturminna, før tiltak etter planen blir gjennomført, jf. vedlagt kart datert 04.12.20. I samsvar med kulturminnelova § 10 skal tiltakshavaren bere kostnadene for arkeologiske granskingar. Kulturminna, med kulturminne-ID 231169 og 231174, er markert i plankartet som bestemmelsesområde og tildelt/vist som nr. 30 og 31. Føljande tekst er innarbeidd i fellesføresegnene til reguleringsplanen under § 3.8: b) Før iverksetjing av arbeid etter planen skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna: id 231174 som er merka som område</p>	<p>5. Føresegna §4.2.1 e) er endra.</p> <p>6. Føresegna §3.8 og §7.2 er endra.</p> <p>7. Jordkjellarane ligg utanfor bygg- og anleggsområde. Ein har lagt til tekst i føresegna §5.2.2 «Det er krav til bruk av matter og sikringstiltak i desse områda i anleggsperioden. Sikringstiltak skal avklarast med kulturminnemynde»</p> <p>Merknadene er delvis tatt til følge. Endringar i føresegner.</p>		
--	--	---	--	--	--

		<p>for føresegn #30 i plankart 3 id 231169 som er merka som område for føresegn #31 i plankart 13 c)</p> <p>Tiltakshavar skal ta kontakt med (fylkeskommunen) Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga blir fastsett. Vi ber om at tekst markert med raudt innarbeidast i § 3.8, c).</p> <p>7. Det er opna opp for at ein køyrer over den Trondhjemske postveg, i det sørlege planområdet, i anleggsperioden. I føresegnene som omhandlar postvegen er følgjande presisert: «Det er krav til bruk av matter og sikringstiltak i dette området. Sikringstiltak skal avklarast med kulturminnemynde.» Vi ber om at same presisering også blir gjeldande i føresegnene for jordkjellarane med omsynssone H570 (§ 5.2.2, b).</p>			